


Årsmelding Voss sokn 2025



Soknerådet er samandett slik:

Faste medlemmer: Randi Kløve, Bente Anita Kristiansen, Inger Sigh Petersen, Leiv Arne Mosefinn, Kari Bergsland, Kjellfrid Skutlaberg, Bjørg Helland, Christian Johannes Torsvik, Sigurd Langehaug og Torbjørg Turvoll.

Fast møtande varamedlem: Johannes Fagerland.

Varamedlemmer: Gerd Astrid Jordalen, Jenny Jordalen og Egil Lee.

Presterepresentant: Sokneprest Hans-Christian Küspert

Leiar: Randi Kløve

Nestleiar og fast vara for kasserar: Leiv Arne Mosefinn

Kasserar: Christian Johannes Torsvik

Representant til kyrkjeleg fellesråd: Kari Bergsland

Møteskrivar: Kjellfrid Skutlaberg

Aider AS fører rekneskapen.

Medarbeidarar i kyrkjelyden:

Desse har vore i løna arbeid i Voss sokn i 2025 gjennom Voss kyrkjelege fellesråd:

Svein Tøsse	Kyrkjeverje (100% stilling fram til juli)
Kjersti Vestrheim Helland	Assisterande kyrkjeverje (100% stilling)
Idunn Holen	Sekretær/arkivar (50% stilling)
Jorunn Våle Tonckens	Sekretær/redaktør kyrkjenytt (50%+22% stilling)
Lene K. Printzlau Wiik Brunborg	Sekretær (10% stilling)
Gohar Marandyan	Organist (100% stilling)
Frode Vik	Organist (55% stilling)
Åshild Bøe Kharazmi	Trusopplæring/barnekor (50% stilling)
Rønnaug Skjeldal	Kateket (100% stilling)
Camilla Velsvik	Kyrkjelydspedagog (100% stilling)
Thomas Velsvik	Kyrkjetenar (100% stilling)
Øyvind L. Pedersen	Trusopplæringsmedarbeidar (50% stilling fram til nov.)
Sigrid Djukastein Mala	Diakon (50% stilling)
Anja Slåtten	Diakonimedarbeidar (50 % stilling)
Hege Ukvitne	Avdelingsleiar gravplassar (50%)
Dan Berge	Fagarbeidar gravplass (100% stilling)
Jan Are Kvammen	Fagarbeidar gravplass (100% stilling)
Vahan Matinyan	Kyrkjetenar (vikar)
Ellen Holt Skjerve	Trusopplæringsmedarbeidar (vikar januar-juni)
Celina Apelthun Sævareid	Trusopplæringsmedarbeidar (vikar frå september)

Mathias Velsvik Sønnesyn	Trusopplæringsmedarbeidar (vikar frå september) og turistvert sommar
Rebekka Bøe Kharazmi	Turistvert sommar og vikar kyrkjetenar
Borghild Gravdal	Turistvert sommar
Håkon Velsvik	Turistvert sommar
Lena Haugland Herheim	Turistvert sommar
Halle Gjerstad	Sommarhjelp gravplass

Prestane:

Arild Hellesøy	Prost
Hans-Christian Küspert	Sokneprest Voss sokn
Frode Kvamsøe	Sokneprest Evanger og Bolstad sokn
Arnulf Sandvik	Fungerande sokneprest for Oppheim, Vinje og Raundalen sokn
Vetle Leksbø	Ungdomsprest/kappelan
Anne Marthe Ulvik	Sokneprest i Ulvik og Granvin

Arbeidet i soknerådet

I 2025 hadde soknerådet sju møter. Alle fann stad i Kyrkjjetunet. Soknerådet handsama 30 saker. Frå årsskiftet tok Randi Kløve over som soknerådsleiar. Me takkar Bjørg Helland for gode år som soknerådsleiar, og er glad for å ha ho med vidare som medlem i soknerådet.

Soknerådet har starta førebuingar til 750-års jubileet til Vangskyrkja i 2027, i tett samarbeid med Voss herad.

22.-27.04 vart «Velkommen Hjem» arrangert på Prestegardslandet. Viggo Klausen og teamet hans stod i spissen for ei flott veke med mange spanande arrangement i det store sirkusteltet. Prosjektet var eit samarbeid mellom Voss sokn, Salt Voss, Frelsesarmeen Voss og Nainkyrkja. Mange frivillige medhjelparar gjorde dette mogeleg, og det var eit stort, vellukka, og kjekt prosjekt.

Til Vossakyrkjemessa 25.05.2025 fekk me besøk av Peder Solberg og William Grosås frå NLA, som heldt preike og føredrag i etterkant av gudstenesta. Det var kyrkjekaffi i pausen, og ei fin stund saman i kyrkja.

Det var stor glede då me endeleg fekk ljosekruna opp att i skipet i Vangskyrkja. Ein gjørtlar renoverte den for oss, og ljosekruna har no LED-ljos. Prosjektet vart støtte av mange gjennom, og mellom anna fekk me 5000 kr av Kyrkjeakademiet og 15000 kr av Y's men.

Soknerådet tok dessutan initiativ til å starte eit prosjekt rundt ljossettinga i Vangskyrkja. Det er ingen tvil om at kyrkja treng meir ljøs, og me tok kontakt med ljøsdesignar Per Arne Helberget som har besøkt oss og gitt oss eit overslag. Me jobbar vidare med innsamling av midlar.

På årsmøtet i fjor vart det stilt spørsmål kring skattefrådrag på gåver gitt til kyrkja. Sidan den gong har me starta opp ei ordning gjennom firmaet Solidus. Gåver gitt via Vipps vert no rapport inn (for dei som har gjeve tillating til dette i Vipps-appen) til Skatteetaten.

Randi Kløve, leiar for Voss sokneråd

Misjonsnemda og Misjonsprosjektet

Det samles inn i kirken til Misjonsprosjektet, NMS sitt arbeid i Ethiopia.

Rundt 9 innsamlinger har det vært i løpet av 2025.

Det er innsamlet 59.393 kr til Misjonsprosjektet, hjertens takk for hver en gave!

Misjonsnemnda har arrangert **Bibel & Misjon** rundt en gang i måneden. Sokneprest Hans-Christian Küspert har vært med oss som forkynner, mest med fokus på Genesis, Skapelsesberetningen fra 1. Mosebok. Vi har hatt god samtale og samvær og lett traktement. Og misjonsinformasjon fra Ethiopia. Godt fremmøte! Takk til enhver som er med!

Inn i mellom vanlig Bibel & Misjon har vi hatt **Misjonssøndag** i Vonheim d. 23.3.25.

Da hadde vi besøk av Jarle Veland som forkynner og misjonær Sonja Kuspert som fortalte fra arbeidet i Ethiopia. God mat, godt samvær, utlodning som gikk til arbeidet i Ethiopia.

26.2 og 9.4 dannet Bibel & Misjon rammen rundt forberedelsene til det store arrangementet «**Velkommen Hjem**», hvor Viggo Klausen og hans team var på Voss med stort telt, stort flott arrangement for å nå nye med evangeliet.

- 14.5 hadde vi i Bibel & Misjon evaluering av «Velkommen Heim» - veien videre.
- 11.6. hadde vi en vellykket tur som sommeravslutning til Raundalskirken.
- 3.12 var Bibel & Misjon utvidet med et besøk av Arild Bakke, som fortalte interessant om «Verdensvide visjoner etter Hans Nielsen Hauge»

Hjertens takk til alle som er med i misjonsarbeidet på ulike vis!

For misjonsnemndet Inger Sigh Petersen

Trusopplæring og anna barne- og ungdomsarbeid

Trusopplæringa har endra namn til Kirkeleg undervising og læring (KUL). Dette gjeld for heile landet. Me held likevel på omgrepet T-dagar, då dette er godt innarbeida i bygdene våre.

I 2025 har me hatt denne bemanninga innafor undervising i Voss kyrkjelege fellesråd:

- Kateket Rønnaug Skjeldal (100 %),
- Kyrkjelydspedagog Camilla Margareta Velsvik (100%).
- Åshild Bøe Karazmi har vore tilsett i 30 % inn mot Mini-Midi Sing, samt 20% fast stilling innan Kirkeleg undervising og læring.

I tillegg er mange av dei andre tilsette med i Kirkeleg undervising og læring.

Me har vore prega av sjukemeldingar blant dei tilsette dette året.

Me har gjennomført desse trusopplæringsdagane i 2025:

- Dåpsamtale og dåp. Starten på trusopplæringa. (98 born frå Voss sokn vart døypte i Vangskyrkja)
- T1 Babysong. (58 born= 45% av årskullet).
- T2 Krølletreff. Avlyst
- T3 Undretur. Avlyst
- T4 Utdeling av barnebibel. To gudstenester (22 born= 31 % av årskullet).
- T5 Julekrubbeverkstad. (38 born= 43 % av årskullet)
- T6 Heilt førsteklases. (29 born = 32 % av årskullet)
- T7/T8/T9 Trylleshow med Ruben Gazki. Tema: Jesus metta 5000. (42 born = 17 % av årskulla)
- T10 Kristuskransen (25 born = 23 % av årskullet).
- T11 Lys Vaken. (19 born = 20 % av årskullet).
- T12/T13 Movienight. Narnia. (28 born= 13% av årskulla)
- T14 Du+ Gud= ♥. Intro til konfirmasjonstida. (103 ungdomar = 76 % av årskullet).
- T15 Konfirmasjon (111 ungdomar = 91 % av årskullet)
- T16 Milk (15 ungdomar =13 % av årskullet).

Årskull = døypte born, medlemer i kyrkja (ikkje alle born som er fødd i året).

T 15 er sjølve konfirmanttida og konfirmasjonen. 111 ungdomar vart confirmert på sju gudstenester i mai. I tillegg hadde me ein minikonfirmasjon for ein konfirmant som trengte tilrettelegging.

I januar var me på helgetur til Helgatun. To helger med mykje kjekt program vart gjennomført.

Leiarutvikling er viktig både for konfirmantarbeidet og for trusopplæringa.

MILK-kurset (MIniLeiarKurs for 10. klassingar) hadde 7 deltakarar som avslutta kurset våren 2025. I haust starta me kurs med 10 deltakarar. MILK er eit samarbeid mellom Voss KFUK-KFUM og Voss kyrkjelyd.

I januar og i desember hadde me kurssamling med mange ungdomar som skulle vere leiarar på konfirmantleirane.

MiniMidiSing er korarbeid for born frå 4-12 år. Det har vore 12 born med i løpet av året frå Voss sokn. Me har hatt 31 samlingar. Koret held til i Vangskyrkja og er drive av ein tilsett i kyrkja.

For ungdomar mellom 13 og 18 år er Refleks Ten Sing eit tiltak som kvar torsdag samlar kring 30 ungdomar i Vonheim. Ved utgangen av 2025 var det 51 aktive medlemmer i Refleks Ten Sing frå Voss sokn. Kateketen og ungdomspresten har ein naturleg plass inn i dette arbeidet.

Samarbeid med skule og barnehage er for tida stort sett konsentrert til samlingar i adventstida. I desember var det skulegudstenester med alle grunnskulane, til saman ni gudstenester (ein gudsteneste var på Bulken skule), og julevandringar med 16 barnehagegrupper.

Sundagsskule

Det har vore 10 samlingar med sundagsskule i 2025. I tillegg starta vi med tweensklubb hausten 2025, der det vart 6 samlingar.

Supertysdag

Supertysdag er eit populært tilbod. Me møtes i Vonheim ein tysdag i månaden. Familiane kjem til ferdig hamburgermiddag før det er opplegg både for dei vaksne og for borna. Me har felles avslutning. I snitt møtte det 21 born og 25 vaksne. Det var 9 samlingar i løpet av 2025. Det er også ei eiga konfirmantgruppe, supertysdagskonfirmantane, som hjelper til.

Rønnaug Eng Skjeldal/Camilla Velsvik

Diakonitenesta

Diakon Sigrid Djukastein Mala (50%) og diakonimedarbeidar Anja Kristin Slåtten (50%)

Diakoni er kyrkjås omsorgsteneste, og vert uttrykt som evangeliet i handling.

Seniortreffet: Sosialt og kulturelt fellesskap. Det arrangerast ein gong i månaden, tysdag frå 12.00-14.30 i Vonheim. Det har vore 10 treff med ulikt kulturelt innhald. Programmet inneheld allsong, kulturelle tema, foredrag og andakt. Måltidfellesskap rundt fint dekkja bord og eit godt varmt måltid, kaffi og ofte heimebakst. Kari Bye er vår faste pianist og det er ei flott nemnd av frivillige som lagar til treffa kvar gong! Diakonen har organisering og leiing av treffa. Seniortreffa ser ut til å vera ein god møteplass for mange, med 80-100 stk. pr gong.

Me tilbyr skyss. For nokon er skysstilbod avgjerande for å kunne delta.

Det er ein stor dugnadsinnsats og trufast gjeng å samarbeida med. Ei stor takk til dei alle! Me har også ei god vikarliste, som er avgjerande for å få det til!

Open møteplass i Prestegarden: Kvar torsdag frå 14 – 16.00. Signy Tunes tok kontakt i fjor sommar og spurte om det kunne la seg gjere å tilby ein møteplass ein gong i veka for alle som har lyst å komme innom på ein kopp kaffi. Stikkord er sosialt samvær, enkel servering. Det er ope for alle og gratis. Signy leier tilbodet og har fått med seg fleire frivillige.

I fjor haust hadde organist Gohar Marandyan musikkstund i kyrkja før møteplassen opna.

Sorggruppe: Sorggruppe starta opp att hausten 2024, og er eit løpande tilbod ein gong i månaden. Me møtast måndag 18 – 20.00 i Prestegarden. Det er inga påmelding, enkel servering og gratis. Me opplever at tilbodet har vore svært viktig for dei som har komme, og nokon har følgd gruppa gjennom heile fjoråret.

Bibelgruppe: Det var etterspurt bibelgruppe i kyrkjelyden og me oppretta eit tilbod for yngre og godt vaksne for ca. 2 år sidan. Gruppa for godt vaksne samlast i byrjinga i Prestegarden og organiserer seg no på eiga hand. Den yngre gruppa samlast heime hos sokneprest Hans-Christian Küspert. Me ser at det er godt å lese i Bibelen saman, ha fellesskapet og ha moglegheit for å vere til gjensidig glede, støtte og oppbygging.

Heimebesøk: I tenesta som diakon og diakonimedarbeidar er det mykje organisering, heimebesøk, samtalar og sjelesorg og oppfølging av enkeltmenneske. Det har vore auke i oppfølging av menneske med alvorleg sjukdom, både i heimane, på institusjon og på sjukehus. Livet byr på mange utfordringar som: einsemd, sjukdom vanskelege livssituasjonar og sorg.

Allehelgensdag/Helgemesse: For soknet inviterer me inn sørgande som gjennom siste året har mista nokon av sine, og minnest dei ved å lese opp namnet og kveike lys. Etter gudstenesta har me ope kyrkje frå kl.12.30-14.00. Folk kan sitje att etter gudstenesta, eller kome innom for ei roleg stund. Ein kan tenne lys og har moglegheit til å snakke med prest eller diakon. Takk til alle frivillige som var med den dagen.

Samarbeid: Dei siste åra har det vore eit samarbeid med desse organisasjonane: Røde kors, Kirkens bymisjon, Frelsesarméen og Voss frivillighetssentral om å lage til open jolefeiring hjå Frelsesarméen. Slik var det og i 2025. Målsetting er å motvirke einsemd, og ha eit tilbod til dei som ikkje har nokon å feire jol med. Me deler oppgåvene mellom oss, der nokon bakar, lager dessert, tar påmelding og liknande. Lokale musikarar spelar og syng. Og frivillige kokar kjøt og lagar til. Det er eit tilbod som det er svært gledeleg å få vere ein del av, og ein ser kor mykje dette betyr for dei som kjem.

Kyrkjekaffi: Kyrkjelyden har ei eiga nemnd av frivillige som arrangerer kyrkjekaffi ca. ein gong pr månad. Dei stiller med heimebakst og dekker bord. I tillegg lagar klokkarane til enkel kyrkjekaffe bak

i kyrkja etter alle gudstenester. Me ser at kyrkjekaffien og samværet er til stor glede for kyrkjelyden og me er svært takksame for dei trufaste medarbeidarane i denne nemnda.

Grøn kyrkjelyd: Kyrkjelyden har ei eige nemnd som har fokus på miljø, klima, rettferd og forbruk. Dei har eit brennande engasjement for å løfte, og integrere gode miljøtiltak for heile kyrkja vår, samt gjere kjend ulike tiltak der alle kan gjere litt. Dei er og med på Skaparverkets dag og har faste innlegg i Kyrkjenytt.

Diakoniutvalet: har hatt to møte dette året, der alle sokna er representert med ein frå kvart sokneråd. Alle sokna har godt diakonalt arbeid. Alle sokn har no diakoniplanar.

-Visjonen for den diakonale tenesta i Den norske kyrkja:

"Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte, verkeleggjort gjennom liv og teneste."

Sigrid Djukastein Mala, Diakon Anja Slåtten, Diakonimedarbeider

Kyrkjemusikk

Gohar Marandyan har hatt sitt fyrste år som organist i Vangskyrkja.

Kor: Gohar Marandyan starta opp igjen med øvingar for VOK (Voss kantori) i februar 2025, koret hadde rundt 6-9 songarar i 2025.

Koret har vore forsongarar ved nokre av gudstenestene, under folkemusikkmessa og på 17.mai gudstenesta.

Barnekolet MiniMidiSing hadde i 2025 opptil 12 songarar og vart leia av Åshild Bøe Kharazmi.

Koret har delteke på nokre familiegudstenester og var med på jolaftangudstenesta klokka 14:00.

Frivillige og innleigde musikarar: Ved viktige høver som påske, konfirmasjonar, folkemusikkmesse og jol er ein heldig å ha med frivillige og innleigde musikarar. I tillegg får me med oss ekstra tonefyllgje på vanlege gudstenester innimellom.

Institusjonsandaktar og songstunder: Me har institusjonsandaktar om lag ein gong i månaden på Vetleflaten, Sjukeheimen og i Sosialbygget.

På våren var det fleire som hadde musikkstund og andaktar på institusjonane. Diakonane Sigrid Djukastein Mala og Anja Slåtten har hatt andaktar saman med kyrkjemusikar Gohar Marandyan. Prost Arild Hellesøy heldt andakt og spelte gitar og Odd Hagen hadde nokre gongar musikkstund.

Soknepresten Hans-Christian Küspert har hatt andaktar og spelt sjølv om hausten.

MiniMidiSing har og vore ein gong på Vetleflaten og hatt konsert.

Konsertar: Gohar Marandyan har spelt for turistar og vossingar nokre gonger i løpet av sommaren i samband med omvisinga. Frå september har ho helde musikkstund ca. ein gong i månaden i samband med det nyoppretta tilbodet «ope kyrkjetun».

Vangskyrkja vert brukt til konsertar regelmessig. Kyrkja arrangerer nokre sjølv, medan den andre gongar vert leigd ut til eksterne aktørar.

VOK og MiniMidiSing hadde ein eigen adventskonsert og begge kora deltok på «Vi syng jola inn».

Det vart arrangert orgelkonsert i august med Oscar Vold Hydle i Vangskyrkja.

Det har det vore 19 konsertar av eksterne aktørar i 2025. Det har vore variert musikk, og særleg i april og desember månad har det vore høg aktivitet i Vangskyrkja.

Kjersti Vestrheim Helland og Gohar Marandyan

Kyrkjennytt

Kyrkjennytt kom i sin 84. årgang ut med 4 nummer: til påske, pinse, haustnummer og Jolekveld i Kyrkjelyden.

Redaksjonsnemnda i 2025 har vore: Bjørg Helland (Voss sokn), Jan Ivar Rødland (Granvin sokn), Ellen Iren Johansen Århus (Evanger og Bolstad sokn), Heidi Hisdal (Oppheim sokn), Knut Skiple (Raundalen sokn), Margun Mørkve (Vinje sokn) og Jorunn Våle Tonckens (redaktør). Redaksjonsnemnda har hatt møte før kvar utgjeving. Redaktøransvaret vart overteke av Jorunn Våle Tonckens 01.01.2025.

Innhaldet er variert, med artiklar og praktisk informasjon om ting som skal skje i sokna og reportasjar frå ulike arrangement. I bladet har me også med bilete frå T-dagar, barneside, gudstenesteliste, døypte, vigde og døde. Nye spalter i år har vore «Ord til ettertanke» (dikt med bilete), «gravplasshjørna» (nytt frå Gravplass i Voss) og «Oppslagstavla» (samla oversikt over ulike arrangement framover). Nemnda har bidrege med stoff frå sokna. I tillegg leverer tilsette og andre trufaste bidragsytarar tekst og bilete.

Kyrkjennytt vert utforma av Wenche Horvei og trykt hjå Aksell AS. Opplaget er på 7400. Bladet vert gjeve ut som fulldistribusjon, og vert difor lagt i alle postkasser i Voss herad. Me sender dessutan bladet til vel 30 husstandar utanfor Voss, og bladet vert også levert til dei fire sjukeheimane/omsorgssentera i heradet.

I 2025 hadde Kyrkjennytt ei samla inntekt på kr. 233 846, medan samla utgifter var på kr. 462 403. Av dette utgjorde utforming, trykking og porto kr. 307 479. Driftsresultatet vart kr. 228 557 i minus. For å redusera utgifter, gjekk me i år over til å trykkja bankgiro for bladpengar/gåve i sjølve bladet. Kyrkjennytt har også fått sitt eige Vipps-nummer (568391).

For redaksjonsnemnda Jorunn Våle Tonckens

Klokkartenesta

Klokkarlaget i Vangskyrkja samarbeider med prest og kyrkjetenar om ei rekkje av dei tenestene som høyrer til i samband med gudstenesta: ønskja velkomen og hjelpa til rettes, tekstlesing, hjelpa til under dåp og nattverd og praktiske oppgåver før, under og etter gudstenesta. Klokkarane serverer enkel kyrkjekaffi bak i Raundalskyrkja. Me har til tider med konfirmantmedhjelparar som hjelper til med nokre av oppgåvene.

Det er eit gjevande arbeid å vera med i klokkarlaget.

Me har dette året vore åtte til ti medlemmer i klokkarlaget. Det er mange gudstenester i Vangskyrkja, spesielt i høgtidene, og me vil gjerne vera to klokkarar på kvar gudsteneste, så me treng absolutt fleire klokkarar.

Dei som var med i laget ved utgangen av 2025 er:

Kolbjørn Blikås, Bjørg Draugsvoll, Brit Furre, Brita Gjukastein, Arne Mosefinn, Geir-Arne Nesse, Torill M. Ringheim, Signy Tunes.

Torill M. Ringheim fungerer som koordinator for tenesta.

Torill M. Ringheim

Voss Kyrkjeakademi

Norske kyrkjeakademi, starta i 1956, skaper brubyggande menneskemøte, med grunnleggande tru på dialog og vilje til å lytte. Voss Kyrkjeakademi vart skipa i 1997, og er eit av over 70 lokale akademi omkring i landet.

16. januar «**Pilegrim i vår tid**» ved **Einar Vegge**, pilegrimsprest,
pilegrim i poesi og teologi. Arrangert i samarbeid med Y's men. (Publikum 35)

21. – 23. mars Årsmøte i Norske kyrkjeakademi. «**Bibelen i kulturen**» var tema på årsmøteseminar. Kari deltok.

2. april «**Religion i samtidslitteraturen**» ved **Marta Norheim**, (43)
kjend for litteraturprogram i radio og TV. Arrangert i samarbeid med Y's men.

10. september «**Om livet, døden og sorga**» ved **Geir Gundersen**,
teolog og forfattar kjend for NRK-morgonandakter. (52)

15. oktober «**18 år i fengsel - med nøkkel**» ved **Ragnar Tesdal**, som med og utan musikk,
gjer omfattande arbeid mellom dei som fell utanfor. (61)

19. november «**Song er dobbelt bøn**» ved **Berit Opheim**, rotfesta i songtradisjon, brbygggar
med ny musikk, vunne fleire prisar. (46)

Styringsgruppa i Voss Kyrkjeakademi har hatt 5 møte:

Kari Bye, leiar. Bernt Daltveit, kasserar.

Torill Ringheim, Turid Fjose, Olav Dahlberg.

Gudstenestelivet

Gudstenestelivet i Vangskyrkja har fyrste halvår av 2025 vore prega av at sokneprest Küspert var ute i farspermisjon. Den planlagde vikaren vart ramma av sjukdom, og kunne ikkje tenestegjere så mykje. Heldigvis har vi fått god hjelp frå ei rekke forskjellige vikarar og pensjonistar, så det har stort sett vore gudstenester. Organist, kyrkjetenar og klokkarlaget har etter beste evne syte for kontinuitet. Hausten har vært meir normal.

Det store nye i gudstenestearbeidet i 2025 har vore tweensklubben. Vi har også hold fram med søndagsskule ca. ein gong i månaden. Dette har vore i samband med gudstenester: søndagsskule 10 sundagar vår og haust, og tweensklubb 6 gongar på hausten.

Statistikken for 2025 liknar den frå 2024 (sjå tabell under). Det er oppmuntrande å sjå at talet frammøtte er nær uendra på tross av at det er betydeleg færre døypte. Det tyder på at det er nokre fleire faste kyrkjegjengarar.

I statestikken under har vi ikkje tatt med «velkommen hjem», som samla mange menneske fordelt på fire familiefestillingar laurdag 26. og sundag 27. april.

Hans-Christian Küspert, sokneprest

Nokre tal frå statistikken

Voss sokn	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Alle gudstenester	84	99	107	86	99	92	88
Deltakarar alle gudstenester	12252	4821	5063	9076	12324	11761	11882
Nattverdsgudstenester	36	12	40	37	33	29	28
Nattverdsgjester	1888	445	1135	1482	1694	1390	1469
Døypte	79	87	87	97	118	106	98
Konfirmerte	124	127	102	104	120	112	110

Sluttord

Det er oppmuntrande å jobba med årsmeldinga, da det vert tydeleg kor mykje godt arbeid som gjerast. Vi er takksame for alle gode bidrag, store og små, og alle som tek del med sitt nærvær. Paulus kallar oss til å være lemmer på Jesu kropp, og til å bruke våre evner og gåver til å spreie Guds kjærleik, og gje vidare dei gode nyheitene, evangeliet om Jesus. Takk for at du er med!

«De er Kristi kropp, og kvar av dykk ein lem på han.» 1. korintarbrev 12.27